



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 21.02.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:15 - 18:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

006/2019 Slutthandsaming - forvaltningsrevisjon - Kommunen som skuleeigar

21. februar 2019

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-217	18/731

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2019	Kommunestyret	PS	21.02.2019

Slutthandsaming - forvaltningsrevisjon - Kommunen som skuleeigar

32T

Journalposttittel

Tilbakemelding etter forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2018
Møteprotokoll - Kontrollutval Masfjorden 14. februar 2019

Dato

06.02.2019
15.02.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga til vitring og ser saka som avslutta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde slikt vedtak den 29.10.18. som sak KS – 057/2018:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådde tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Innan 1.mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert / skal følgjast opp.

Rådmannen har utarbeidd ei tilbakemelding på forvaltningsrapporten som vart lagt fram for Kontrollutvalet i møtet 14.02.19. Kontrollutvalet gjorde slik vedtak i saka:

Kontrollutvalet er nøgd med at det er utarbeida nye rutinar, og dei arbeidet som er utført for å følgje opp tilrådde tiltak i rapporten.

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning.

Fakta**Vurdering**

Rådmannen viser til vedlagt tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten samt vedtaket frå kontrollutvalet sitert over og meiner at ein no har gjennomført det kommunestyret bad om i sitt vedtak KS-057/2018 og at saka no kan avsluttast.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret tek tilbakemeldinga til vitring.



Nordhordland Utviklingselskap Iks
Kontrollutvalet i Masfjorden
Kvassnesvegen 23
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/731 - 19/549

Saksbehandlar:
Rita Ludvigsen
rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
30.01.2019

Tilbakemelding etter forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2018

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon:

16.10.18

Revisjonen presenterte rapporten for Kontrollutvalget

22.10.18

Revisjonen presenterte rapporten for Formannskapet

29.10.18

Revisjonen presenterte rapporten for Kommunestyret.

05.11.18

Oppvekstleiar kalla inn og gjennomførte møte med Rådmann, Rektorane og Teknisk sjef i Masfjorden kommune, der ein gjekk gjennom dei ulike delane av rapporten. Det vart i møtet klarlagt rutinane som teknisk drift har på skulebygningane, for fortløpande vedlikehald. Rektorane vart gjort kjend med forventningane til endringar som framgår i rapporten.

09.11.18

Kort møte med Leiar og nestleiar i PPT Berit Bjørnsen og Herfinn Takle. Møtet var ei samråding om rapporten og vegen vidare.

26.11.18

Rektormøte med gjennomgang og diskusjon omkring rapporten, og endring av rutinar.

18.12.18

Møte mellom PPT ved leiar og nestleiar, rådmann, rektorane og oppvekstleiar. Avklaring av forventningar og rutinar og vegen vidare for PPT og skule.

18.01.19

Rektormøte, opplæring Websak og Sampro.

18.01.19

Møte angående investeringar skulebygg med teknisk sjef.

29.01.19

Arbeidsmøte med rektorane, rutinar malar etc.

14.02.19

Presentera handlingsplan og tiltak for Kontrollutvalget

21.02.19

PPT ved leiar Berit Bjørnsen presenterar korleis PPT vil jobber med saker, og kva malar dei no nyttar. Oppvekstleiar skriv handlingsplan og tiltak for at lovbrøt/avvik kan lukkast.

Rektormøta vidare utover våren vil innehalda tema, for å kvalitetssikra prosessen vidare.
Evaluering ved skuleårets slutt.

Mal enkeltvedtak spesialundervisning

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/maler-for-enkeltvedtak/> - enkeltvedtak=mal-4

Klage på vedtak

<https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/maler-spesped/mal-klage-vedtak-om-spesialundervisning-nynorsk.docx>

Mal sakkunnig vurdering

<https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/maler-spesped/mal-sakkyndig-vurdering-spesialundervisning-nynorsk.docx>

Mal individuell opplæringsplan

<https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/maler-spesped/mal-for-iop-spesialundervisning-nynorsk.docx>

Mal Årsrapport

<https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/maler-spesped/mal-for-arsrapport-spesialundervisning-nynorsk.docx>

Problemstillingane som vart undersøkt og tiltak:

1. Korleis er Masfjorden sin ressursbruk på skule?

Masfjorden kommune brukar mykje ressursar pr. elev. Sett i samanheng med fylket og sammenlignbare kommunar. Årsaka til dette ligg i at ein har ein skulestruktur med 1-10. kl. på tre plassar i kommunen. Einingane er små, og har difor ikkje den ressursutnyttinga som større einingar har. Dette kan ikkje reknast som avvik.

Når det gjeld vedlikehald av bygningane har teknisk sjef vore med på etterarbeid med rapporten. Med ein del avklaringar fungerer den daglege drifta no bra etter oppsett plan. Einingane sender inn vedlikehaldslistar til teknisk. Og dei utfører arbeidet i samarbeid mellom dei som føretar vedlikehald og rektorane på skulane.

Når det gjeld større vedlikehaldsmessige tiltak viser han til vedlagt plan for vedlikehald. Progresjonen på utføringa er i tråd med det som er tenkt løyvd til vedlikehald dei komande åra. Ved eit eventuelt auka budsjett pr. år vil ein kunna gjennomføra vedlikehaldet på kortare tid.



Invest_Bygg_2019.xls

Ved å følgja denne planen for langsiktig vedlikehald av skulebygningane, og planen for kortsiktig vedlikehald kan avvik om manglande vedlikehald lukkast.

2. I kva grad får elevane ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader i samsvar med opplæringslova §1-3?

Føresetnader for tilpassa opplæring er kartlegging, evaluering og oppfølging av elevane sitt læringsutbytte. Læreplanverket inneheld føringar for læring som er relevant for tilpassa opplæring. Verdiane som beskriv prinsippet for tilpassa opplæring : inkludering, variasjon, erfaringar, relevans, verdsetting samanheng og medverkning.

Tilpassinga må få konsekvensar for arbeidet med kompetanse, innhald arbeidsmåtar og organisering, vurdering og progresjon.

Undervegsvurdering i faga skal brukast som reiskap i læringsprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring, og bidra til at eleven aukar kompetansen i faget. Denne vurderinga vil dokumentera kva som er gjort, og korleis det gjekk.

Læraren må bruka mangfaldet og breidda i elevgruppa som ein ressurs for å tilpasse opplæringa.

Læreplanen er utgangspunktet for opplæringa som lærarane gjev elevane.

Tidleg innsats/Intensiv opplæring gjeld faga lesing skrivning og rekning. Får ein elev denne form for tilpassa opplæring, skal det lagast notat på dette i eleven si mappe, og føresette skal informerast. Denne undervisninga skal halde fram til forventna progresjon vert nådd.

Dersom kompetansemåla i faga må fravikast, går undervisninga over til å bli spesialundervisning, som har eigne prosedyrer.

Tilpassa opplæring er eit gjeldande prinsipp og er det lærarane gjev den enkelte elev til eikvar tid. Dette kan sjåast ut frå læraren si undervegsvurdering av eleven, og det skal koma fram i utviklingssamtalane som vert gjennomført i skuleåret. Kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar kan vera ein indikator for lærarane om dei treng å tilpasse undervisninga meir. Sandnes skule er med i eit prosjekt som går på analysekompetanse, der ein skal få rettleiing i korleis ein nyttar resultat frå desse prøvane for å leggja til rette. Dette er sentrale gjeldande prinsipp som ein kvar lærar skal ver kjend med og skal jobba etter

Alle lærarane har fått tilbod om å delta på kurs i analysekompetanse på planleggingsdagen 01.02.19 der professor Thomas Nordahl er førelesar i regi av Nordhordland kompetanseregion.

Ein må skilja mellom tilpassa opplæring som er ein rett alle har, og spesialundervisning som er ein rett enkeltelvar har, og som har eigne sakshandsamingskrav.

Rutinene for tilpassa opplæring er ivareteken gjennom skulane sine rutiner og og ordinære drift, og er difor ikkje eit avvik.

3. Har kommunen etablert system for å kartleggje, evaluere og følgje opp elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av ordinært undervisningstilbod og som har rett til spesialundervisning i samsvar med krav i lov?



Rutinebeskrivelse Mal tilv skjema skule
spesialundervisning 2 frå Udir - 2018.docx

Masfjorden kommune har laga ein rutinebeskrivelse for korleis ein går fram når ein ser at ein elev har trong for spesialundervisning. Denne ligg vedlagt. Denne må sjåast i samanheng med Årshjulet som PPT har utarbeidd.

Vedlagt ligg PPT sin mal for tilvisning skule. Denne inneheld samtykkeerklæring frå foreldre.



Ny mal -Pedagogisk
rapport - vedl til tilv

Ny mal for pedagogisk rapport som skulen skal gjennomføre og sende med tilvisninga.

Når det gjeld systemsaker er der no eit eige tilvisningskjema som skulane må fylle ut og sende til PPT, ved behov for hjelp i t.d systemarbeid med klassemiljø eller liknande. Lenka under inneheld skjema for dette.

Tilvisning PPT systemsak

https://www.udir.no/globalassets/filer/laring-trivsel/maler-spesped/henvisning-til-ppt-systemsak_nynorsk.docx

4. Er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning og vedtak om spesialundervisning i samsvar med krav i lov?



mal for enkeltvedtak
18-19-.doc

Vurderinga om behov for spesialundervisning bygger på rutinebeskrivelsen til Masfjorden kommune.

5. Korleis er samarbeidet mellom skule, kommune og PPT organisert? /

6. I kva grad bistår PPT skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilte behov?

Ein opplever i Masfjorden at samarbeidet med PPT har betra seg og fått betre struktur. Vedlagt ligg Orienteringskriv der PPT orienterer om drifta si, og over fagpersonar knytt til ulike einingar. Dei har laga eit årshjul for rutiner etc. Som gjev oversikt, og dei har og ei rutine for rekneskap og budsjett som ligg ved.



Orienteringskriv
2018 - 2019.doc



Årshjul vedtatt
fagrådet 251115.doc



Sak 2 -2017 - Rutine
for rekneskap og bud

Det er gjort avklaringar i høve til arbeidsgjevaransvar og fagansvar for den lokalt tilsette på PPT, for å unngå at ikkje ein fangar opp saker som ligg grunna at ein medarbeidar t.d er sjukemeld. Dersom PPT har tilsette i fråvær, vert sakene som vedkomande har omfordelt, slik at ein ikkje risikerer lang ventetid.

PPT bidrar med kompetanseutvikling med kurs og opplæring, mellom anna 01.02.19 har dei kurs for assistentar og fagarbeidarar som jobbar i skulen. Dei bidreg og i DUÅ arbeidet i barnehagen etc. Skulane har «kontordagar» med PPT der ein kan kome med små og store problemstillingar.

Skulane skal oppretta Ressursteam i løpet av våren-19. Dette for å sikra eit tverrfagleg samarbeid. I ressursteam skal Rektor og PPT ha plass i tillegg til spes.ped koordinator på skulen. Teamet kan utvidast

med andre fagpersonar som helsesøster, barnevern etc. Her kan lærarane mellom anna drøfte problemstillingar anonymt, for å få råd i saker. Dette er eit tiltak for å kvalitetsikra arbeidet omkring spesialundervisning. I tillegg har skulane oppvekstteam møte ein gong pr. halvår og tverrfagleg team med barnevernet.

Alle malar som her vert synt til vil verta tilpassa vårt arkivsystem Websak/Sampro
Som vil verta felles for alle skulane. Dette arbeidet er oppstarta, men her trengs
Opplæring av alle som skal nytte det. I løpet av skuleåret 2019-20 vil ein ha dette på
plass.

Ut ifrå desse tiltaka meiner vi at det ikkje lenger heftar manglar med rutiner og sakshandsaming knytt til spesialundervisning, og at avvika kan sjåast på som lukka.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Rita Ludvigsen
oppvekstleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Enkeltvedtak spesialundervisning
Orienteringskriv PPT
Pedagogisk rapport
PPT Rutine for regnskap og budsj
Rutinebeskrivelse
Tilvisning PPT
Vedlikehald
Årshjul PPT
Ressurssøkn. spes. tiltak

Mottakarar:

Nordhordland Utviklingselskap Iks Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ

KS sak 65/18

Kommunestyret vedtok i møte 13.12.2018 å utvide eigedomsskatteområdet for eigedomsskatteåret 2019 til å omfatte næringsseigedom i samsvar med utskrivingsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d, jf. punkt 6 i kommunestyrets skattevedtak som lyder slik:

«6. For eigedomsskatteåret 2019 vert det skriven ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2019 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.»

Bakgrunn for behov for å endre skattevedtak for 2019

Forslag til takstar frå takseringsfirmaet kommunen har engasjert til å bistå med takseringa for 2019 føreligg ikkje i tide til utskrivingsfristen 1. mars 2019. For å sikre ei forsvarleg sakshandsaming i samband med vedtaking av nye takstar er det behov for å utsette utvidinga av eigedomsskatteområdet til næringsseigedom til eigedomsskatteåret 2020. Punkt 6 i kommunestyrets vedtak 13.12.2018 må difor endrast.

For eigedomsskatteåret 2019 vil kommunen skrive ut eigedomsskatt i samsvar med esktl. § 3 første ledd bokstav c) som omfattar såkalte energianlegg, dvs. kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Vidare vil kommunen for eigedomsskatteåret 2019 skrive ut eigedomsskatt i samsvar med overgangsregelen til esktl. §§ 3 og 4 første og andre ledd.

Punkt 6 i kommunestyrets vedtak 13.12.2018 i sak 65/18, kor kommunestyret vedtok å skrive ut eigedomsskatt i samsvar av esktl. § 3 første ledd bokstav d, vert **endra til**:

«6. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», jfr. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar og flytende oppdrettsanlegg i sjø, jfr. esktl. § 4 tredje ledd.

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samsvar med overgangsregelen til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.

For eigedomsskatteåret 2019 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd

Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2019 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.»

Takseringsarbeidet fortsett i 2019 med sikte på utviding til næringsseigedom, jf. esktl. § 3 bokstav d, og alminnelig taksering med verknad frå 2020.

Eigedomsskatten blir utskriven i 4 terminar, jf. esktl. § 25, første ledd.